



Aktivitetsdagar på Husfliden Bergen as. 27. - 29. mai.

Arrangør:

Arrangementet er eit samarbeid mellom Hordaland Husflidslag, Sogn og Fjordane Husflidslag, Husfliden Bergen as og Norges Husflidslag sine husflidskonsulentar frå begge fylka. Aktivitetsdagane går over tre dagar. Heile arrangementet er eit av fleire jubileumsmarkeringar vi har i høve 100 års jubileet til Norges Husflidslag.

Torsdag 27. mai

Tidspunkt: Kl 12.30 – 17.30.

Tema er strikking og hekling.

Teknikkar:

Kontstrikk (rutestrikk) der ein kan få læra å strikk fram og tilbake utan å snu arbeidet.
Strikking for ungdom. Enkle modellar som luer og sjal i moderne garn.
Hekling for ungdom/alle. Ruterhekling som kan monterast saman til vesker og andre plagg.
Strikk for småbarnsforeldre. Modellar og oppskrifter på ullbukse, babymodellar av luer, sjal og labbar og enkle hentesett.

Fredag 28. mai

Tidspunkt: Kl. 11.30 – 16.00.

Tema er barn og unge.

Teknikkar:

Demonstrasjon av slyngestokk som vi lagar snorer og band på.
Demonstrasjon av reparbane, snordreiar der vi lagar hoppetau på.
Demonstrasjon av Kumi himo. Ein japansk måte å laga fine snorer på.

Laurdag 29.mai.

Tidspunkt: Kl.11.30 – 14.30.

Tema er bruredrakter. Påkledning og pynting av 8 brurebunader /drakter. Det vert også demonstrasjon av teknikkar som er knytt til bunad, som fletting og påknyting av sokkeband, veving på grindvev og strikking av flosskant på luer.

Barnas festspel onsdag 2.juni 2010.

Vi spikkar seljefløyter.

Hordaland Husflidslag i saman med husflidskonsulenten vil også i år markera barnas festspel ved å spikka tradisjonelle seljefløyter på Vågsalmenningen.

Du kan få prøva sjølv eller berre få ei ferdig fløyte.

Stad: Utanfor Husfliden Bergen as

Tid: Kl 11.00 – 14.30.

Handverksmessa i Jondal 26.juni 2010.

I samband med 100 års jubileet til Norges Husflidslag ynskjer vi å markere oss som ein viktig aktør for vidareføring av tradisjon og den immaterielle kulturarven under Handverksmessa i Jondal 26.juni 2010. Barna skal få laga seg hoppetau på ”reperbane” og snorer på slyngestokkar. Det er gratis å få delta for alle barn som er på handverksmessa denne laurdagen. Målet er å skape interesse for handverk for barn og unge og gi dei eit tilbod berre for dei denne dagen.

Vi skal være på messeområdet i Jondal i Hardanger slik at aktiviteten blir godt synlig for alle.

-Hoppetau er en morsom, billig og bra måte å holde seg i form på. Hoppetauet er enkelt, og vi kan ta det med overalt. Med hoppetauet kan vi få bedre muskulatur, et sterkere hjerte og samtidig stimulere hjernen skikkelig, sa Nasjonalforeningen for folkehelsens leder John Kjekshus da han åpnet konkurransen ”Hopp for hjertet” i april 2010.

Stad: Jondal i Hardanger.

Tid: Kl.1100 – 16.30